

**Sak 64/15 – 1**

# KURSRAPPORT – JUS114, VÅR/2015

KURSANSVARLIG: **Bjørnar Borvik**

## 1. FAGLÆRERS GENERELLE VURDERING

### a) Praktisk gjennomføring

- i. strukturen på kursopplegget: Strukturen på kursopplegget har ligge fast i fleire år, og etter mitt syn fungrerer denne godt. Eg overtok Erik Monsens kursopplegg, og eg har ikke funne grunn til å gjere endringar. Eg har tidlegare peika på at dette kurset kjem for tidleg i studieløpet, og denne oppfatninga har eg framleis. Dette faget kjem etter Ex.fac. og Forvaltningsrett, og studentane har slik sett lite å relatere dei metodiske problemstillingane til. Faget framstår nok difor som nokså teoretisk, og det er etter mitt syn uheldig.
  - ii. Forelesningene: Erik Monsen hadde forelesingane. På referansegruppemøtet kom det fram ein del kritikk mot forelesingane. Noko av kritikken kan truleg forklarast med at det ikkje er forelesar som har kursansvaret. Frå og med våren 2016 blir kursansvaret ført tilbake til Erik Monsen. SU vil få seg forelagt ei sak om dette til hausten.
  - iii. benyttede arbeidsoppgaver – både i arbeids- og storgruppene: Fleire på referansegruppemøtet meinte at oppgåvene var uklart formulert. Slike generelle innvendingar er vanskeleg å forhalde seg til, og eg inviterte difor deltakarane på møtet til å sende meg epostar der dei kunne konkretisere kritikken sin mot oppgåvene. Eg har ikkje motteke ein einaste epost, og kan difor ikkje forhalde meg til denne delen av kritikken.
  - iv. skriving og kommentering: På referansegruppemøtet vart det nemnt at det framleis er eit problem at nettet "går ned". Dette er særleg problematisk når studentane er midt i kommenteringa. Det er uklart for meg om dette skuldast forhold på UiB si side, eller om det er ustabilitet i private nettverk.
  - v. gjennomføring av arbeids- og storgruppesamlingene: Nokre av studentane på referansegruppemøtet tok til orde for at siste storgruppesamling burde kome tidlegare i kurset. Eg trur det er vanskeleg å gjere endringar her. Til det er kursperioden altfor kort.
  - vi. obligatorisk kursoppgave: Ikkje aktuelt for dette kurset.
  - vii. eksamen: Eg har ingen merknader til dette.
  - viii. samarbeid med administrasjonen: Samarbeidet med administrasjonen har fungert svært godt.
- b) Strykprosent og frafall på eksamen: Fire kandidatar (1,3%) strauk på eksamen. Fem kandidatar trakk seg under eksamen.
  - c) Karakterfordeling: Karakteren A (9,8%) og karakteren B (22,8%), og karakteren D (20,9%) ligg innafor dei rammene som følgjer av retningslinjene. Karakteren C (43,4%) vart tildelt ein del fleire enn det som følgjer av retningslinjene. Karakteren E (1,8%) vart tildelt langt færre enn det som følgjer av retninglinjene. Eg er i og for seg ikkje overraska over dette utfallet. Oppgåva var svært sentral, og at mange kan skrive seg til ein C, var venta. Den lave prosentsatsen for karakteren E har den same forklaringa.
  - d) Studieinformasjon og –dokumentasjon: Eg har ingen merknader til dette.

- e) Tilgang til relevant litteratur: På referansegruppemøtet kom det fram ulike syn på pensumlitteraturen. Vidare vart det nemnt at pensumboka i ein periode før kursstart var utsolgt frå Akademika. Svaret frå bokhandelen var visstnok at dei hadde teke høgde for at mange av studentane ville kjøpe brukte bøker. Det viser seg at studentane gjerne vil behalde denne boka, og det bør difor formidlast til Akademika at dei må bestille inn fleire bøker før kursstart våren 2016, slik at boka ikkje blir utsolgt.

## 2. FAGLÆRERS VURDERING AV RAMMEVILKÅRENE

- a) Lokaler og undervisningsutstyr: Dei midlertidige seminarromma fungerte godt.
- b) Andre forhold: Eg har ingen merknader til dette.

## 3. FAGLÆRERS KOMMENTAR TIL STUDENTEVALUERINGEN(E) (REFERANSEGRUPPEMØTET)

- a) Metode – gjennomføring: Eg har ingen merknader til gjennomføringa av referansegruppemøtet. Eg noterer meg likevel at det var nokså mange arbeidesgrupper som ikkje var representerte.
- b) Oppsummering av innspill: Nokre av innspela frå referansegruppemøtet har eg allereie kommentert ulike stader i denne kursrapporten. For øvrig er det mitt inntrykk at synspunkta i referansegruppemøta er nokså sprikande; det nokre av studentane har likt, har andre funne problematisk.
- c) Eventuelle tiltak iverksatt i løpet av kurset: Eg har ingen merknader til dette.

## 4. OPPFØLGING AV FJORÅRETS EVALUERING

*Har punkter fra fjorårets evaluering blitt innarbeidet/ført til endringer i årets kurs? Hvis ja: hvordan?*

For å klargjere overfor studentane at det er eg som er kursansvarleg, deltok eg denne våren på første forelesing. Her vart arbeidsdelinga mellom Erik Monsen og meg forklart for studentane. Det har tidlegare vorte peika på at nokre av oppgåvene i oppgåvesettet ikkje var godt eigna for diskusjon, og som ein respons på dette utarbeidde eg til årets kurs ei ny oppgåve (domsanalyse) som i større grad skulle vere eigna for diskusjon i arbeidsgruppene. Eg foretok elles ein gjennomgang av oppgåvesettet, og tok ut dei oppgåvene som studentane ikkje skulle arbeide med på arbeidsgruppene eller storgruppene. Dette har tidlegare skapt litt forvirring blant studentane. Dei øvrige tiltaka som eg skisserte i fjorårets kursrapport har ikkje vorte gjennomførte.

## 5. FAGLÆRERS SAMLEDE VURDERING, INKL. FORSLAG TIL FORBEDRINGSTILTAK

Eg har ikkje spesifikke forslag til forbetingstiltak denne gongen. Eg tror det vil vere heldig at kursansvaret blir tilbakeført til Erik Monsen. Det er han som i si tid utvikla dette kurset, og eg vil i dialog men han gjere greie for mine erfaringar. Desse kan vere eit godt utgangspunkt for hans arbeid med å vidareutvikle kurset. På referansegruppemøtet kom det fram ein merknad om at læringsmåla ikkje er formulerte på ein god måte, og at dei ikkje samsvarar med korleis dei ulike tema på kurset er vektlagt. Eg legg til grunn at Erik Monsen gjennomgår læringsmåla med sikte på å tilpasse desse til Kvalifikasjonsrammeverket, og i samband med dette arbeidet er det også nærliggande å sjå på om kurset er utforma på ein måte som samsvarar med læringsmåla. Eg beklagar at eg ikkje har hatt kapasitet til å endre på læringsmåla.

*Kursrapporten er utarbeidet den 1. oktober 2015 av Bjørnar Borvik.*

[Tilbake til sakslisten](#)